

Forskrift om ordensreglement for skulane i Austevoll



Gjeldande frå 01.04.11

Heimel

Opplæringslova § 2-9: Ordensreglement og liknande:

Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast. Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra.

1 Føremål

Austevollskulen skal vera ein god stad å vera og ein god stad å læra.

Alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som skal fremje helse, trivnad og læring.

Ordensreglementet er eit verkemiddel for å nå ei slik målsetting, og skal klargjera elevane sine rettar og plikter. Vidare skal det visa kva for konsekvensar regelbrot medfører og kva for prosedyrer som vert følgt når slike saker skal handsamast.

2 Verkeområde

Ordensreglementet omfattar alle grunnskulane i Austevoll, og gjeld når skulen har ansvar for elevane, også når dei er i skulefritidsordning. Ordensreglementet gjeld også på skuleveg så langt den einskilde skulen er gjort kjent med ureglementerte tilhøve.

Skulen har ansvar for elevane på skulen sitt område og når dei har opplæring andre stader enn på skulen sitt område. Det kan vera arrangement, leirskule, ekskursjonar m.m.

Den einskilde skule sitt ordensreglement skal korrespondera med forskrifter, og kan ha utfyllande reglar tilpassa skulen sitt behov.

Ordensreglement skal gjennomgåast kvart år ved skulestart.

3 Reglar

Reglar for orden og åtferd

Elevane skal følgja vanlege reglar i samfunnet som tyder at dei skal:

- Visa hensyn og respekt for andre og andre sine eigedelar
- Retta seg etter instruksjonar frå vaksne
- Oppdre slik at ingen kjenner seg utsett for mobbing, rasistiske handlingar /ytringar eller seksuell trakkassering
- Visa respekt for undervisinga og halda arbeidsro i timane
- Møta presis til timer og avtaler
- Gjera skulearbeid til avtalt tid og ha med bøker og utstyr
- Halda god orden
- Halda skulen sitt område reint og ryddig
- Ta godt vare på alt som tilhøyrer skulen, både ute og inne og ta godt vare på skulebøker og anna undervisingsmateriell
- Ta godt vare på personlege eigedelar. Unngå å ta med verdisaker på skulen.

Det er ikkje lov å:

- banna og bruka ufint språk, slåss og forstyrra andre i leik
- mobba, plaga eller sjikanera andre
- ha med farlege gjenstandar
- ha med eller bruka tobakk, snus og andre rusmiddel
- forlata skulen utan å ha lov

4 Tiltak ved brot på ordensreglane

Brot på reglane kan føra til følgjande tiltak alt etter saka sitt alvor:

- Munnleg irttesetjing / samtale med eleven
- Munnleg melding /samttale med foreldre / føresette
- Skriftleg melding til foreldre / føresette
- Fjerna eleven frå situasjonen men oppretthalda kontakten med eleven
- Inndra gjenstandar som blir brukt på farleg eller provoserande måte
 - Foreldre må henta inndregne gjenstandar
- Tap av goder
- Erstattat dersom noko er øydelagt - tap av skulebøker, skade på inventar, bygning eller utstyr
- Be foreldre koma og henta eleven
- Bortvising

Fysisk refsing og annan krenkande handsaming av eleven må ikkje brukast.

Ved fysisk refsing meiner ein ikkje fysisk arbeid i samband med reparasjonar, rydding m.m. Kollektiv avstraffing av grupper for handlingar som einskildelevar har utøvd, skal ikkje skje.

5 Bortvising

Avgjerdslle om bortvising er heimla i Opplæringslova § 2-10.

"Kommunen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar på årstrinna 8-10 som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar, og at elevar på årstrinna 1-7 kan visast bort frå undervisninga for enkeltimar eller for resten av dagen.

Rektor sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med læraren til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Foreldra til elevar på årstrinna 1 – 7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for dagen.

Med mindre kommunen fastset noko anna, kan rektor bestemme at lærarane skal ha mynde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervising for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar.

Bortvising skal alltid grunngivast.

Alvorlege brot på skulen sitt reglement kan føra til bortvising.

Rektor kan delegera mynde til lærarar som kan visa elevar ut frå eiga undervising i inntil 2 klokketimar.

Avgjerdslle om bortvising ut over 1 dag er eit einskildvedtak etter forvaltingslova § 2. Vedtaket skal derfor grunngivast skriftleg, og det kan ankast etter reglane i forvaltingslova.

6 Fråver

Alt fråver frå skulen skal førast.

Ved sjukdom skal skulen ha melding om det så fort som mogeleg.

Permisjonsreglement / søknad om ekstra fri frå undervising

Opplæringslova § 2 – 11: "Permisjon frå den pliktige opplæringa

Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker.... Det er eit vilkår for retten at foreldra sørger for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute."

Kven kan innvilga permisjon / fri frå undervising?

- Kontaktlærar kan innvilga permisjon for ein dag
- Rektor kan innvilga permisjon utover ein dag
- Ingen kan få lovleg permisjon i meir enn to veker pr skuleår.

Kva permisionar kan verta innvilga?

- Elevar som tilhøyrer andre trusamfunn utafor Den Norske Kyrkja, har etter søknad frå foreldra rett til å vera borte frå skulen dei dagane trusamfunnet deira har helgedag
- Lege- /tannlegebesøk
- Gravferd
- Større hendingar i familien
- Foreldreorganiserte turar for heile klassen

Opplæringslova sin § 2-11 er ikkje ei lov om "ekstra ferie". I skuleruta ligg det mange høve for familiar til å ta ut ferie og fri. Ein må unngå at skuleåret vert redusert og med det læringsarbeidet til eleven svekka. Alt fråver følgjer eleven gjennom grunnskulen.

Høgt fråver kan medføra at skulen ikkje kan gi vurdering med standpunktcharakter.

Ugyldig fråver

Elevane har plikt til å møta presis til undervising og plikt til å delta i undervisinga. Ugyldig fråver er brot på ordensreglementet og vert vektlagt når karakter skal setjast.

Gyldig fråver (fråver som vert ført, men ikkje tel med i samandraget)

- Elevrådsarbeid
- Deltaking i UKS
- Testar og utgreiling ved PPT
- Deltaking på skuledagar / arrangement i samband med utdanningsval
- Idrettsarrangement / skuleturneringar

7 **Mobbing og voldeleg åtferd**

Skulen skal setja i verk tiltak etter § 9a i Opplæringslova. Alle skular skal ha ein førebyggjande mobbeplan / handlingsplan mot mobbing. Denne planen skal alle partar i skulen vera kjente med.

Elevar som ser og observerer at andre blir mobba, tek kontakt med ein voksen.

Elevar som trugar med vold eller viser voldeleg åtferd kan visast bort frå undervisinga / skulen. Lengda på bortvisinga må sjåast i samanheng med alderen til eleven, og av alvoret i situasjonen.

8 **Rusmidlar**

Det er ikkje tillete å ha med eller bruka alkohol, narkotika eller andre rusmidlar på skulen sitt område. Det er ikkje tillete å bruka tobakk på skulen sitt område og / eller i skulen sine arrangement.

Dersom brot på desse reglane, vert foreldra kontakta. Skulen inndreg rusmidlane eller tobakken og gir det til eleven sine foreldre. Ulovlege rusmiddel vert gitt til politiet.

9 **Bruk av mobiltelefon, kamera og internett**

Rektor ved den einskilde skulen vedtek reglar for bruk av mobiltelefon og kamera i skuletida. Filming og fotografering av medelevar og/eller tilsette skal gjerast med deira godkjenning. Rektor vedtek også sanksjonar ved brot på desse reglane.

Skulen sin internett-tilgong skal berre brukast i undervising. Rektor ved den einskilde skulen utarbeider nettvettreglar.

10 **Hærverk**

Eysisk miljø

Ved hærverk eller uvettig bruk av skulen sin eigedom, skal foreldre varslast snarast mogeleg. Det skal krevjast erstatning for skade. Større skadeverk skal meldast til politiet.

Inventar /læremiddel. Skulebøker skal takast godt vare på. Dersom ein mistar eller skadar bøker skal dei erstattast.

Skade på anna inventar skal takast opp med foreldra og erstattast.

Andre elevar sine eigedeler

Dersom ein elev øydelegg utstyr / klede til ein annan elev, er foreldra ansvarlege.

11 Vurdering i orden og åtferd

Reglar for vurdering i orden og åtferd er heimla i forskrift til Opplæringslova, kap 3 : § 3-5 , § 3-6, § 3-19

Vurderinga skal gi informasjon om orden og åtferd til eleven, utvikla eleven si sosialisering, skapa eit godt psykososialt miljø og gi rettleiing til eleven med sikte på vidare utvikling.

Vurderinga er knytta til om eleven er førebudd til opplæringa, er punktleg, har med seg naudsynte læremiddel, har gjort lekser og anna arbeid, korleis eleven oppfører seg mot andre i skulesamfunnet.

Frå 8. klasse vert det gitt karakter i orden og åtferd.

Ureglementert fråver (skulk), gjenteke fråver frå undervising, kan føra til nedsett vurdering i orden. Det same gjeld mobbing, trakkassering, sjenerande åtferd, bråk i opplæringa – dvs. åtferd i strid med ordensreglementet.

12 Sakshandsaming

Brot på ordensreglementet skal handsamast etter reglane i Opplæringslova § 2 -9, 4.ledd, § 2-10, 2.ledd, og sakshandsamingsreglane i Forvaltningslova under kap 3 og kap 6 ved einskildvedtak.

Ved avgjerdsle skal følgjande sakshandsamingsreglar uansett gjelda:

1. Skulen pliktar å sjå til at saka er så godt opplyst som mogeleg, og at avgjerdsla som vert teken er gjort på eit forsvarleg grunnlag alt etter alvoret og saka sin karakter.
2. Før alle alvorlege refsingstiltak vert sett inn, har elevane krav på å forklara seg ovafor den som skal gjera vedtaket. Vedaket skal grunngivast.
3. Foreldre / føresette skal få informasjon om vedtak som skulen gir. Informasjonen / varselet kan gjevest munnleg og snarast etter at hendinga har skjedd. Ved vedtak av alvorlegare karakter bør grunngivinga normalt vera skriftleg, Opplæringslova § 2-9.

13 Iverksetting

Denne forskrifta gjeld frå 01.04.11

